



Heim-skule-samarbeid

Kva er heim-skule samarbeid?

Som føresettt håpar vi du vil bidra til å skape ein inkluderande skule, der elevar og lærarar trivast saman.

Vis at du bryr deg om at eigne og andre born har det bra på skulen. Delta på klassearrangement og bli kjent med dei andre borna i klassen og foreldra deira. Nokre gonger kan det vere vanskeleg å oppdage at elevar ikkje har det godt på skulen. Dersom du er bekymra for eige eller andre born sin trivsel, er det viktig at du seier i frå til kontaktlærer eller leiinga på skulen.

Tips til klassekontaktar:

- Ha **alltid** dialog med kontaktlærer i forkant av foreldremøte. Ta kontakt sjølv, dersom lærar ikkje gjer det!
- Ha **alltid** eit punkt om klassemiljø på foreldremøta.
- Bruk teksten over (Kva er heim-skule-samarbeid?) og les til foreldregruppa før du startar di runde på foreldremøte.
- Det skal vere låg terskel for å ta kontakt med kontaktlærarane – bruk dei!

Kom i lag med klassekontakt for parallellklassen og sett opp forslag til classesamlingar. Minimum to arrangement kvart skuleår. Forslag til aktivitetar:

- Ski/aking
- Tur i skogen
- Bading/kano/standup-padling på Sanden (kano og stand-up kan du låne)
- Frileik på Sanden
- Friidrett på stadion
- Bading i Førdehuset
- Bowling
- Diskotek
- Filmkveld
- Spelekveld
- Juletrefest
- Halloween party / juleball / nyttårsball (ungdomsskulen)

Å kome saman på fritida styrkar samhaldet i klassen og bidreg til eit betre skulemiljø, samstundes som foreldra også kan bli betre kjent med elevane og andre foreldre!



Foreldreråd (alle foreldre) og Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Alle foreldre som har born ved Naustdal skule er automatisk medlem av foreldrerådet ved skulen. Foreldrerådet er formelt representert ved FAU. FAU skal ha som hovudoppgåve å fremje interessene til foreldra av born ved Naustdal skule, samt vere bindeleddet mellom forelda og skulen. FAU skal også jobbe for trygg skuleveg og skulekvardag, samt bidra til å styrke læringsmiljøet for elevane. FAU har informasjonsplikt ovanfor alle foreldre på skulen.

Klassekontaktane med vara er klassen sine representantar i FAU. Desse blir valt på foreldremøte på våren, slik at dei er klare til første FAU-møte på hausten. Rektor syter for at 1. trinn får valt sine foreldrekontaktar.

Konstituering av FAU vert gjort på første møtet som rektor kallar inn til (utgangen av august). FAU konstituerer seg ved at FAU representantar vel leiar, nestleiar og tre styremedlemmar. Vidare vel FAU to representantar med personleg vara til samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutval (SMU).

Val av FAU-styre

FAU-styret vert valt for eitt år av gangen. FAU-styret består av leiar, nestleiar og tre styremedlemmar. Det er ynskjeleg at leiar/nestleiar skal vere éin representant frå barnesteget og éin frå ungdomssteget.

Det bør gjennomførast minst fire FAU-møter pr. skuleår, to for kvart halvår. Ved forfall til FAU-møte, kontaktar FAU-representant sin personlege vara. Referat skal sendast pr e-post til foreldrekontaktar og rektor.

FAU styret
november - 2021

